

Leder: Anita Bø Hellen
Nestleder: Tone Marie Nærland Fjellheim
Sekretær: Linda Rangen Søyland
Styremedlem: Inger Lise Unhammer
Marte Fjellheim Svihus
Jeanette Vigrestad Tuen
Marit Helene Brundland
Per Kåre Fuglestad
Elin Malmin
Lisbeth Haugen
Frå Skulen Rektor Helge Håland frå ca.kl.19:30

Referat frå møte FAU 16.1.17

Dato: 16.1.17
Tid: kl.18:30

Desse møtte: Anita Bø Hellen, Tone Marie Nærland Fjellheim, Inger Lise Unhammer, Marte Fjellheim Svihus, Marit Helene Brundland, Per Kåre Fuglestad og Elin Malmin.

Forfall: Linda Rangen Søyland, Lisbeth Haugen og Jeanette Vigrestad Tuen

Sakar frå førre møte 7.11.16 som skulle tas på neste styremøte 16.1.17:

Sak nr 12: trivselsleder.no med Kjetil og Kjartan, invitere Kari Snartemo programansvarlig i Rogaland og Hordaland? Gjerne sjå i linken: <http://www.trivselsleder.no/no/HJEM/>

Referat: Undersøke behov. Trygg skolestart. Likt opplegg uavhengig av lærarar i skuleklubb. Fadrar meir konkrete oppgåver.

Sak nr 16: Er handlingsplanen mot mobbing ved Ognå Skule utfyllande nok? Den skal evalueras i mai/juni 2017 bør me allereie begynna å sjå på den for å koma med konkrete innspel i evalueringa, skal me laga eiga arbeidsgruppe for å sjå nærare på denne saka? Link til Ognå Skule sin handlingsplan: <https://www.ha.no/artikkel.aspx?MIId=163&AIId=160> og sjå eksempel på handlingsplan på linken under:

Referat: Sende ein forespørsel til Jærskulen om ein felles handlingsplan mot mobbing.

Sak nr 17: Post « Skule genser»

Referat: Hadde dette vore noko når den nye skulen er ferdig?

Sak nr 18: Diverse elevrådsak «om ungdomsskule elevar kan få å handla på Coop/ øvrige butikkar i store fri»?

Referat: Er dette lov på Vigrestad?

Sak frå førre styremøte som ikkje er blitt følgt opp å fått svar på, kva gjer me for og få svar på spørsmåla?:

Sak nr 10: Mobiltelefon bruk på skulen «ungdomskule elevar», skal me foreldra koma med retningslinjer?

Referatet frå 7.11.16: Har skulen tydelege reglar på mobilbruk på skulen? Det bør ikkje være mogleg å ta mobilar med inn i garderobar i forbindelse med gym og symjing. Kva er konsekvensane på brot av reglane? Kva tenkjer elevrådet og lærarane om dette?

Svar frå skulen:

Timane:

Mobilane ligg lydlause i sekken eller i mobilhotell.

Brot på regelen: (ordensreglane til skulen)

Første gong blir mobilen teken, utlevert igjen på slutten av dagen.

Andre gong blir og mobilen teken, føresett må kome å hente.

Garderobar:

Litt variasjon her, men hovudpoenget er at lærar har kontroll på at mobilane ikkje kjem fram i garderobane.

8. klasse har ein boks der elevane må leggje mobilen før dei går til gym/sym. Lærer tek vare på boksen. Mobilane tilbake når elevane kjem ned i klasserommet igjen.

I 9. klasse er lærar i garderoben og har oversikt over kva som skjer der.

I 10. klasse blei "boksen" praktisert i heile 8. og halve 9. klasse. Etter kvart så innarbeidd at mobilen ikkje skal fram i garderobane, at boksen ikkje trengs.

Brot på reglane: som ovanfor (ordensreglane)

Referat: FAU meiner at alle skal ha like reglar. Alle mobilar skal samlast inn før elevane går inn i garderobane!

Sak nr 22: Forslag til saker ein kan ta opp med skulen.

Referatet frå 7.11.16: Ved flytting i den nye skulen, kan det da tilbys til 8.klasse og 9.klasse i staden hyre inn idrettslaget? En måte å tene pengar til klassetur.

Svar frå skulen:

Det skal kjøpast nytt inventar til den nye skulen, så det er ikkje sikkert me vil trenge ekstern hjelp.

Men viss det skulle bli aktuelt, er det absolutt ein moglegheit.

Referat:

Kan føresette/lag organisasjonar kjøpe gammalt inventar?

Sak frå førre styremøte som ikkje er blitt følgt opp, kan me få hjelp av nokon?:

Sak nr 15: Kva oppgaver og pliktar har dei som stiller med verv i skulen, FAU, klassekontakt

osv.? Se i link: <http://www.fug.no/foreldre-og-skolen>.

http://odda.barneskole.odda.no/files/2014/09/handlingsplan_mot_mobbing.pdf

Referatet frå 7.11.16: Tydelighet i fht. 2 klassekontakter og ein FAU representant. Skriftlig informasjon om kva som forventes i de ulike verva. Ta opp i SU/SMU. Kva ønsker lærerne av foreldrekontakten? Anita og Linda lager et forslag om fordeling av oppgaver. Informasjon på foreldremøte- en informasjon om fag- foreldreveiledning. Kven er foreldrekontakter i de ulike klassene? Informasjon på heimesida til skulen?

Svar frå skulen: Informasjon om kven som har ulike verv skal me leggja ut på heimesida vår. Når det gjeld forventningar til klassekontaktane, så er det naturleg å ta opp på klasseforeldremøta. Men som regel er det knytt opp mot praktiske oppgåver/organisering, til dømes sommaravslutning med grilling og servering ved avslutningsfesten til 10. klasse.

Referat: Meir konkrete oppgåver for FAU/klassekontakt. Lage eit skriv med dei ulike oppgåvene slik at foreldre som tek på seg oppgåva veit kva dei skal gjere.

Nye saker for dette styremøte:

Sak nr 22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Referat: Godkjent!

Sak nr 23: «Partnerskap mot mobbing» oppsummering etter arrangementet i Ognahallen

Referat: Saknar meir informasjon om kvifor alle var samla. Meir info til føresette. Sende partnerskap mot mobbing avtalen på mail?

Sak nr 24: Felles plantid på tysdag? E-post frå skulesjefen før jul.

Referat: Skulen tenkjer tysdag og torsdag er best for elevane. Det er tenkt at elevane skal få betre tid til lekser desse dagane. Føresette på 1. trinn ønskjer halv dag fredag. Helge skal ta dette vidare.

Sak nr 25: Diverse

Referat: Leksehjelp sende forespørsel til frivillighetssentralen?

Med vennleg hilsen
Fau leder
Anita Bø Hølleren